



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.04.2026
Møtetid:	10:00 -13:50
Møtestad:	Hosteland, Nordbygda skule

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	
Erlend Kvamsdal	ordfører	H	
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H	
Gunnar Andvik	medlem	H	
Vebjørn Haugsdal	medlem	H	
Bjarte Andvik	medlem	H	
Veronika Hjartholm	medlem	H	
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP	
Rigmor Søyvik	medlem	SP	Forfall frå sak 14/2026 og 24/2026
Stian Søyvik	medlem	SP	
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP	
Ragnvald Tangedal	medlem	AP	
Aina Sleire	medlem	AP	
Ørjan Daae	medlem	FRP	
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP	
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kariann Ekren	medlem	H
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre		H
Marit Bjånes Bjørneklett		AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Bente Dagny Holmaas Halland	konsulent
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Bente Dagny Holmaas Halland

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 14/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 15/2026	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 16/2026	Budsjettrevisjon per april	
PS 17/2026	Årsrekneskap 2025 Masfjorden kommune	
PS 18/2026	Masfjorden kommune - årsmelding 2025	
PS 19/2026	Årsmelding kraftfondet 2025	
PS 20/2026	Finansrapportering pr. 31.12.2025	
PS 21/2026	Kraftmelding pr. 31.12.2025	
PS 22/2026	Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris	
PS 23/2026	Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule	
PS 24/2026	Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular	
PS 25/2026	Stordalen fjellstove - søknad om tilskot kraftfondet	
PS 26/2026	Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes	
PS 27/2026	Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037	
PS 28/2026	Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru	
PS 29/2026	Val av nytt medlem til valutvalet for valbolken 2023 - 2027	
PS 30/2026	Val av nytt Teknisk utval for resten av valbolken 2023 - 2027	
PS 31/2026	Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar	
PS 32/2026	Referat- og orienteringssaker	

RS 7/2026	Møteprotokoll frå eldrerådet 04.03.26
RS 8/2026	Møteprotokoll frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.03.26
RS 9/2026	Møteprotokoll frå ungdomsrådet 09.03.26
RS 10/2026	Møteprotokoll frå ungdomsrådet 23.03.26
RS 11/2026	Oppvekstprofil for Masfjorden kommune 2026
RS 12/2026	Årsmelding Nh legevakt
RS 13/2026	Årsmelding Region Nordhordland IKS - oppvekstsektoren
RS 14/2026	Utgreiing og tilråding - Justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
RS 15/2026	Notat - framtidig organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland
RS 16/2026	Kommunenes rolle i krise og krig
RS 17/2026	Innspill frå IOGT i Norge på kommunens vurdering av midlertidig utvidede skjenketider under fotfall-VM 2026
RS 18/2026	Saksprotokoll Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 14/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordførar sette fram framlegg til endring av rekkefylgje på saklista, der sak 27/2026 ,sak 29/2026 og sak 30/2026 blei flytta fram etter godkjenning av innkallinga.

Kommunestyret samla seg om å gjere denne endringa.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 14/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent med endringa på saklista.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 15/2026 Godkjenning av møteprotokoll

Gunnar Andvik (H) hadde fylgjande merknader til møteprotokoll frå 18.02.2026 :

Me har oppdaga at det er gjort ein del feil i møteprotokollane.
I dagens møte ligg ikkje møteprotokoll vedlagt i dagsorden. Kvifor?
I tillegg kan me nemne at:

Det tok altfor lang tid før møteprotokoll frå februar-møtet vart publisert. Me veit at det sit både tilsette og innbyggjarar å ventar på at denne skal kome ut, så dette er for dårleg.

Rettingane frå førre møte angående moms, endå ikkje er retta.

I sak PS 4/2026, permisjonssøknad, står det feil i saksprotokoll. Det står at etter vedtaket om fritak var gjort, sette Ørjan Daae fram følgjande framlegg kring valstyret og teknisk utval (...) Det riktige her er at Ørjan sette fram vedtaket om nyval før vedtaket om fritak vart gjort, men det vart først stemt over fritaket, før det vart stemt over forslaget til Ørjan. I tillegg står ikkje dette nemnd i sjølve vedtaket frå Kommunestyret.

Det er fleire tilfelle der forslag som først var fremma, for så å verte trekt før saka var avslutta, står i protokollen. Når framlegg vert trekt før saka vert stemt over, skal dei etter reglementet ikkje protokollførast. Spesielt vart dette tydeleg i salderingssaka i februar-møte (PS 5/2026) då forslag frå Ap vart protokollført, medan forslag frå Høgre ikkje vart protokollført.

Me ber om at administrasjonen å rette opp i dette, samt fjerne forslaget til Ap i tråd med vårt reglement.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 15/2026 Godkjenning av møteprotokoll:

Møteprotokoll frå kommunestyret 18.02.26 vert godkjent med merknadene frå H.

,

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 16/2026 Budsjettrevisjon per april

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram fylgjande tilleggspunkt til vedtak:

- Posten for «Kommunale vegar» blir satt til 3,0 millionar. Kostnaden blir tatt frå disposisjonsfond eller frå der rådmannen ser det som mest teneleg

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå (H) vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 16/2026 Budsjettrevisjon per april:

Vedtak frå kommunestyret :

Driftsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Posten for «Kommunale vegar» blir satt til 3,0 millionar. Kostnaden blir tatt frå disposisjonsfond eller frå der rådmannen ser det som mest teneleg.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 17/2026 Årsrekneskap 2025
Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 17/2026 Årsrekneskap 2025
Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Årsrekneskapen 2025 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 18/2026 Masfjorden kommune - årsmelding 2025

Rådmannen orienterte om at det var sendt ut oppdatert årsmelding til kommunestyremedlemmene i forkant av møtet.

Saka vart drøfta.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) bad om fylgjande blei protokollert:

Først; takk til Rådmannen, for nok ein gang ei godt gjennomarbeida årsmelding. Det er betryggande å vite at kommunen har ei god økonomistyring, sjølv om me til tider får høyre det motsatte. Når kommunen balanserer sånn nokolunde fondsavsetningar og låneopptak, er det eit godt teikn!

Det er mange avdelingar og tenester i kommunen, og det er kjekt gjennom årsmeldinga å få eit innblikk i korleis dei jobbar, og lesa om store og små hendingar i året som gjekk.

Masfjorden har stor politisk gjennomføringskraft. Det er mange prosjekt på gang, og me i Høgre er stolte av å vera med på dette arbeidet.

Det største planarbeidet i 2025 var samfunnsplanen som me i dag skal vedta.

Men me har og viktige reguleringsplanar. Eg vil nemne; tomt for fleirbrukshall i Nordbygda, endringar for Masfjordsambandet, endringar knytt til datasenteret på Matre, og arbeid med fleire strekningar på fylkesvegane våre. Her er det fylkeskommunen som regulerer, men det hjelper at kommunen også er såpass aktiv.

Og no lover også Statens Vegvesen å gjere noko med trafikktryggleiken ved E-39 på Matre, då viser det seg at det nyttar å stå på som kommunepolitikarar i Masfjorden.

Sjølv med satsinga på barn og unge, og mange nye hustomtar, så slit me med folketalsutviklinga. Her har me ein jobb å gjere både med marknadsføringa og å skaffe fleire arbeidsplassar. Då er det gledeleg at investeringane knytt til datasenter på Matre faktisk er starta opp. No håpa me at heile prosjektet kan komma i gang raskt. Då må me vere klar med bustadfelta våre, ha god dialog med unge i etableringsfasen og firma som vågar å satse på oss i Masfjorden. Me skal ta godt i mot dei!

Ordførar, me er stolte av alt arbeidet som kommunen og dei tilsette legg ned for innbyggjarane våre, enten dei er unge, godt vaksne eller endå meir vaksne.

Takk skal de ha!

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 18/2026 Masfjorden kommune - årsmelding 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2025 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 19/2026 Årsmelding kraftfondet 2025

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 19/2026 Årsmelding kraftfondet 2025:

Vedtak frå Kommunestyret:

Årsmelding kraftfondet 2025 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 20/2026 Finansrapportering pr. 31.12.2025

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samøystes vedteken:

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 20/2026 Finansrapportering pr. 31.12.2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Finansrapport for 2025/31.12.2025 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 21/2026 Kraftmelding pr. 31.12.2025

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 21/2026 Kraftmelding pr. 31.12.2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftmelding pr. 31. desember 25 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 22/2026 Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 22/2026 Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris:

Vedtak frå kommunestyret:

Uttale frå Masfjorden kommune til ED sine forslag til endringar:

Masfjorden kommune **støttar forslaget om samanslåing av dei to prisregima**, men støttar **ikkje forslaga om andre endringar** i grunnlaget for konsesjonskraftprisen, som me vil tru vil auke kostprisen for konsesjonskrafta med fleire øre/kWh.

Kostpris bør ligge på 2024 ED prisenivå, då nyare opprusting og utvidingsprosjekt av kraftanlegga ikkje kjem vertskommunane og ordninga med konsesjonskraft til fordel, og vil berre svekke ordninga framover for vertskommunane. Nyare anlegg med fokus på effekt- og pumpeanlegg vil ikkje gje utteljing for vertskommunane si konsesjonskraftmengde, men gje auka lønsemd for selskap og eigarkommunane. Bättre balanse mellom kost/nytte må inn i sjølvkostvurderinga for vertskommunane vs. eigarkommunane, for i den seinare tid har dette gått i retning/fordel eigarkommunane.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 23/2026 Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 23/2026 Idrettsbane og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule:

Vedtak frå Kommunestyret:

Masfjorden kommune gjennomfører i 2026 investeringstiltaka idrettsbane- og nærmiljøanlegg v/Sandnes skule i samarbeid med fleire lag, til ein bruttokostnad på 8,4 mill.kr., finansiert med;

- 3,2 mil.kr. i spelemidlar,
- 1,7 mill.kr. i mva. kompensasjon
- og at ein bruker fond med 3,5 mill.kr.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 24/2026 Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 24/2026 Bruk av ordninga rentekompensasjon for skular:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune vel å søkje rentekompensasjon for desse tiltaka:

1. Innkjøp av utstyr og inventar:

Kjøp av utstyr til undervisning i praktiske fag ut frå behov til den enkelte skule.
Kostnadsestimat: 120 000 kroner fordelt på Sandnes, Matre og Nordbygda skular.

2. Oppgradering av eksisterande læringsarenaer inne:

Oppgradering av skulekjøkken på Sandnes og Matre skular.
Kostnadsestimat: 2 500 000 kroner fordelt på begge skular.

3. Oppgradering av skulen sitt uteareal:

Utearealet på Nordbygda og Matre skule
Kostnadsestimat: 1 600 000 kroner fordelt på begge skular.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 25/2026 Stordalen fjellstove - søknad om tilskot kraftfondet

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 25/2026 Stordalen fjellstove - søknad om tilskot kraftfondet:

Vedtak frå kommunestyret:

Stordalen fjellstove får eit tilskot med kr. 192.500,- gjennom kraftfondet til oppgradering/investering av fjellstova/anneks. Halvparten av tilskotet kan bli utbetalt akonto ved anmodning, resttilskot vert utbetalt ved framlegging av dokumenterte kostnader i tråd med søknaden. Tilskotet fell inn under GMU løyvinga og grunnlag for rapportering VLFK.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 26/2026 Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 26/2026 Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til framlegg til finansieringsavtale som ligg ved saka.

Masfjorden kommune løyver inntil 4 million kroner som tilskot til vegutbetringa. Midlane vert finansierte/innarbeidd i driftsbudsjettet for 2027, evt. som avsetjing 2026 og bruk av fond i 2027.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 27/2026 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037

Ordførar gjorde merksam på:

- Referatsak 18 - Saksprotokoll Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen - vert knytt til denne saka slik at vedtaket frå formannskapsmøte 24.04.26 er ei tilleggsinnstilling til denne saka.

Saka vart drøfta.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram fylgjande endringar og tilleggspunkt til frammlegg til kommunen sin samfunnsdel for Masfjorden Kommune 2025-2027:

- Nytt underpunkt i pkt. 5.2.5 Natur me er stolte av - Me skal forvalte naturen og naturmangfald ved å:
 - Masfjorden seier Nei til vindkraft fjellområda og vil ikkje setje av areal til vindkraft eller til tilførselsveggar og riggplassar som tilrettelegger vindkraft.
- Endringsforslag i pkt.5.2.2 Næringsliv me er stolte av- Me skal vidareutvikle næringslivet ved å:
 - Stryke/fjerne setningar/avsnitt: leggje til rette for næringsetablering som er knytt opp mot.
 - Stryke/fjerne setningar/avsnitt: Masfjorden ønskjer å ta vare på naturen.
 - Stryke/fjerne setningar/avsnitt: Det er ikkje ønskelig å leggje til rette for etablering av vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at kommunene i større grad legg til rette for meir fornybar energiproduksjon. Om det kjem eit planinitiativ skal dette handsamast gjennom brei...
 - Stryke/fjerne setning: Masfjorden har god tradisjon for å leggje til rette for fornybar vassproduksjon. Både store og små kraftverk
- Nytt underpunkt i pkt.5.2.2 Næringsliv me er stolte av- Me skal vidareutvikle næringslivet ved å:
 - Masfjorden har lang og god tradisjon for vasskraft, både store og små kraftverk. Kommunen vil halde fram med å leggje til rette for og ivareta fornybar vasskraftproduksjon.
- Endringsforslag kulepunktet 5.2.2 :
 - Stryke/fjerne setning :Vedtak skal byggja på eit godt kunnskapsgrunnlag og brei innbyggarmedverknad.

- Endringsforslag i pkt 6.1 Føringar for arealdelen
 - Stryke/fjerne punktet: utnytta naturlege ressursar til næringsutvikling til dømes berekraftig akvakultur og kraftkrevjande næringar. Det er ikkje ynskjeleg å leggje til rette for vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at [...]
 - Nytt kulepunkt: Masfjorden seier nei til vindkraft i fjellområda og vil ikkje setje av areal til vindkraft eller til tilførselsveger og riggplassar som tilrettelegger for vindkraft.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram fylgjande framlegg til endringar og tilleggspunkt til framlegg til kommunen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025-2027:

- Punkt 2.2 – legge til nytt kulepunkt:
 - Tilrettelegging for meir fornybar energiproduksjon
- Punkt 5.2.2 – endre eit ord i avsnitt:
 - leggja til rette for næringsetablering som er knytt opp mot dei ressursane ein finn i Masfjordlandskapet, **som** vasskraft, reiseliv, landbruksprodukt og energikrevjande næringar, til dømes datasenter.
- Punkt 5.2.2 – legge til nytt punkt:
 - ta vare på naturen i fjella. Det er difor ikkje ønskjeleg å setje av areal eller leggja til rette for vindkraft i fjellområda våre.
- Punkt 5.2.2 – stryke avsnitt:
 - det er ikkje ønskjeleg å leggja til rette for etablering av vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at kommunane i større grad legg til rette for meir fornybar energiproduksjon. Om det kjem eit planinitiativ skal dette handsamast gjennom brei medverknadsprosess og der konsekvensar for natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser vert godt belyste før endeleg vedtak
- Punkt 5.2.2 – Nytt punkt nedst på side 20:
 - Vedtak skal byggja på eit godt kunnskapsgrunnlag og brei innbyggjarmedverknad. Natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser skal vere grundig vurderte før endeleg avgjerd.
- Punkt 5.2.2 – Nytt kulepunkt:
 - leggje til rette for fornybar vasskraftproduksjon frå både store og små kraftverk.

- Punkt 6.1 – Fjerne avsnitt:
 - Det er ikkje ønskjeleg å leggja til rette for etablering av vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at kommunane i større grad legg til rette for meir fornybar energiproduksjon. Om det kjem eit planinitiativ skal dette handsamast gjennom brei medverknadsprosess og der konsekvensar for natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser vert godt belyste før endeleg vedtak.
- Punkt 6.1 – Endre eit ord i avsnitt:
 - Leggja til rette for næringsetablering som er knytt opp mot dei ressursane ein finn i Masfjordlandskapet, som vasskraft, reiseliv, landbruksprodukt og energikrevjande næringar, til dømes datasenter.
- Punkt 6.1 – Nytt kulepunkt heilt nedst:
 - Det er ikkje ønskjeleg å setje av areal eller leggje til rette for vindkraft i fjellområda våre.

Røysting :

Det vart fyrst røysta over framlegg til vedtak frå formannskapet 14.04.26. Framlegg til vedtak frå formannskapet 14.04.26 vart samrøystes (16 røyster) vedteken.

Det vart så røysta over framlegg til vedtak frå formannskapet 24.04.26. Framlegg til vedtak frå formannskapet 24.04.2026 vart samrøystes (16 røyster) vedteken.

Framlegg frå V og fellesframlegg frå H,Sp og Frp vert røysta opp mot kvarandre. Framlegg til vedtak frå H,Sp og Frp vart vedteke mot 5 røyster (Ap og V)

Det vart tilslutt røysta over samfunnsplanen samla. Framlegg til vedtak med endringane vedteke i formannskapet 14.04,24.04 og kommunestyret 30.04 vart samrøuystes (16 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 27/2026 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037:

Vedtak frå kommunestyret:

Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025-2037 vert godkjent i

medhald av plan- og bygningslova § 11-15 med desse endringane :

- Avsnitt 7 og 8 på side 21 blir omgjort til:

- Styrka verdiskapinga i kommunen ved å støtta opp om berekraftig og attraktive primærnæringar som hav, jordbruk og skogbruk. Leggja opp til fleksible løysingar for dei som ønskjer å utvikle næringsverksemdar.
- Det vert lagt til følgande kulepunkt under punkt 5.2.4:
 - Styrkja bu- og arbeidsmarknaden i Masfjorden og Gulen gjennom innkortingar av Fv 570 mellom Sandnes og Andåskrysset.
- Endre føring nr. 8 under punkt 6.1 til følgande setning:
 - Setje av areal til nødvendig infrastruktur, som t.d. miljøstasjon og innkorting av FV-570 Masfjordnes – Andås (E39)
- Ny tekst i punkt. 5.2.1 og punkt. 6.1:
 - Styrkje tilgang til sjø for fastbuande, gjennom tilrettelegging av naust, båtplassar, vinteropplag, slipp m.m., både for sjø eigedommar og fellesanlegg der dette er naturleg.
- Nytt punkt under 5.2.1
 - Satse på helsebringande tiltak ved å vidareutvikle bassengtilbodet med terapibad og badstove.
- Endring i punkt 5.2.2 i 5. avsnitt :
 - Masfjorden har noko fiskeoppdrett i sjø. Fokus på god fiskehelse og løysingar som reduserer fiskelus, rømming og forureining i fjorden, gjer at dette er ei næring som kan ha gode vilkår for vekst i Masfjorden.
- Punkt 2.2 – legge til nytt kulepunkt:
 - Tilrettelegging for meir fornybar energiproduksjon
- Punkt 5.2.2 – endre eit ord i avsnitt:
 - leggja til rette for næringsetablering som er knytt opp mot dei ressursane ein finn i Masfjordlandskapet, **som** vasskraft, reiseliv, landbruksprodukt og energikrevjande næringar, til dømes datasenter.
- Punkt 5.2.2 – legge til nytt punkt:
 - ta vare på naturen i fjella. Det er difor ikkje ønskjeleg å setje av areal eller leggja til rette for vindkraft i fjellområda våre.
- Punkt 5.2.2 – stryke avsnitt:
 - det er ikkje ønskjeleg å leggja til rette for etablering av vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at kommunane i større grad legg til rette for meir fornybar energiproduksjon. Om det kjem eit planinitiativ skal dette handsamast gjennom brei medverknadsprosess og der konsekvensar

for natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser vert godt belyste før endeleg vedtak

- Punkt 5.2.2 – Nytt punkt nedst på side 20:
 - Vedtak skal byggja på eit godt kunnskapsgrunnlag og brei innbyggjarmedverknad. Natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser skal vere grundig vurderte før endeleg avgjerd.
- Punkt 5.2.2 – Nytt kulepunkt:
 - leggje til rette for fornybar vasskraftproduksjon frå både store og små kraftverk.
- Punkt 6.1 – Fjerne avsnitt:
 - Det er ikkje ønskjeleg å leggja til rette for etablering av vindkraft i fjellområda. Forventningane frå storsamfunnet er at kommunane i større grad legg til rette for meir fornybar energiproduksjon. Om det kjem eit planinitiativ skal dette handsamast gjennom brei medverknadsprosess og der konsekvensar for natur, miljø, lokalsamfunn og andre samfunnsinteresser vert godt belyste før endeleg vedtak.
- Punkt 6.1 – Endre eit ord i avsnitt:
 - Leggja til rette for næringsetablering som er knytt opp mot dei ressursane ein finn i Masfjordlandskapet, som vasskraft, reiseliv, landbruksprodukt og energikrevjande næringar, til dømes datasenter.
- Punkt 6.1 – Nytt kulepunkt heilt nedst:
 - Det er ikkje ønskjeleg å setje av areal eller leggje til rette for vindkraft i fjellområda våre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 28/2026 Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru

.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 28/2026 Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner framlegg til avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune knytt til omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru.

Det vert vist til vedlagde framlegg til avtale om fordeling av kostnader mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune.

Det vert løyvd inntil krone 1.000.000 eks mva for gjennomføring av avtalen knytt til prosjektering og røyrleggjararbeid m.v. Tiltaket vert finansiert med bruk av fond.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 29/2026 Val av nytt medlem til valutvalet for valbolken 2023 - 2027

Medlem i valutvalet Stian Sjøvik (Sp) sette fram valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå valutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 29/2026 Val av nytt medlem til valutvalet for valbolken 2023 - 2027:

Vedtak frå kommunestyret:

Nytt medlem i valutvalet for resten av valbolken 2023 - 2027 er:

- Alf Magnar Strand (V)

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 30/2026 Val av nytt Teknisk utval for resten av valbolken 2023 - 2027

Medlem i valutvalet Stian Sjøvik (Sp) sette fram framlegg til vedtak frå valutvalet.

Ordførar orienterte om reglar for forhandsval og avtaleval, og at om ingen representantar motsette seg valutvalet si innstilling, ville det vere oppfatta som avtaleval. Ingen motsette seg valutvalet forslag, og innstillinga samrøystes vedtatt.

Framlegg til vedtak frå valutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 30/2026 Val av nytt Teknisk utval for resten av valbolken 2023 - 2027:

Vedtak frå kommunestyret:

Utval for teknisk, miljø og landbruk for resten av valbolken 2023 – 2027 vert samansett slik:

- Leiar: Aina Sleire (Ap)
- Nestleiar: Veronika Hjartholm (H)
- Medlem: Helga Nyhavn Matre (H)
- Medlem: Ståle Daae (Sp)
- Medlem: Svein Bjarte Fredheim (FrP)
- 1.vara: Stian Sjøvik (Sp)
- 2.vara: Bjarte Moncrieff-Dyrkolbotn (H)
- 3.vara: Inge Borge (FrP)
- 4.vara: Marita Sylta Birkeland (H)
- 5.vara: Marianne Ulvatn (V)

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 31/2026 Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 31/2026 Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar:

Vedtak frå kommunestyret:

1. Masfjorden kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Masfjorden kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 32/2026 Referat- og orienteringssaker

Dialogmøte:

Ungdomskulen frå Nordbygda skule stilte spørsmål til kommunestyret i forkant av sjølve møte. Ordførar svarte ut alle spørsmåla.

Orienteringar :

Teknisk sjef Roald Kvingedal orienterte om status kommunale vegar/bruer og svarte på spørsmål

Referat -og orienteringssaker:

- Møteprotokoll frå eldrerådet 04.03.26
- Møteprotokoll frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.03.26
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 09.03.26
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 23.03.26
- Oppvekstprofil for Masfjorden kommune 2026
- Årsmelding Nh legevakt.
- Årsmelding Region Nordhordland IKS-oppvekstsektoren
- Utgreiing og tilråding - Justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden.
- Notat- framtidig organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland
- Kommunenes rolle i krise og krig
- Innspill frå IOGT i Norge på kommunens vurdering av midlertidig utvidede skjenketider under fotball- VM 2026
- Saksprotokoll Realitetsbehandling av merknader til samfunnsplanen

Orientering frå ordførar:

- Informerte om Masfjordsambandet.
- Datasenter - Folkemøte på Matre i slutten av Mai.

- Ekstra kommunestyre 30.06.26

Orientering frå rådmann:

ass.rådmann Sveinung Toft orienterte kommunestyret om referatsak 16/2026 om kommunens rolle i krise og krig og svarte på spørsmål.

Vedtak frå Kommunestyret - 30.04.2026 av sak 32/2026 Referat- og orienteringssaker:
Referat - og orienteringssaker vert teken til vitring.